



Willem Vogelaar
Toskavegen 484b
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/3563 - 23/34680

Saksbehandlar:
Roba Alserhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
04.05.2023

Søknad om fritak fra gjødselsplan - gbnr 443/12 Toska

Administrativt vedtak: Saknr: 450/23

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 01.06.2028 for GBNR 443/12, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld:

Føretaket Willem Vogelaar har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 443/12. Jordbruksarealet på bruket er på 5,6 daa innmarksbeite, 30,9 daa fulldyrka mark og 1,0 daa overflatedyrka mark.

Drifta er 26 vinterfora sauer. Søkjeren samlar ikkje husdyrgjødsel fordi han har sauer som går ute heite året. Søkjeren har opplyst at han tilleggsforer sauene i 2 mnd (februar og mars) med ensils og kraftfor som han kjøper. Søkjeren brukar ikkje kunstgjødsel.

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalum.

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE=0) etter frådrag for beitetid, og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 23/3563 »

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Alserhan
Rådgevar Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Willem Vogelaar

Toskavegen 484b

5936

MANGER